

## INNSPEL TIL PLANPROGRAM

Kløvheim Bygdelag har følgande innspel til Planprogrammet for barnehage og skulebruksplan.

- Kløvheim Bygdelag håper utvalet som skal arbeida med denne plan tek seg tid til å besøke skulane og bygdene og sjå på kva nærområde til skulane har å by på. På Kløvheim har bygdelaget tilrettelagt:
  - o Trekanten Aktivitetspark som bygdelaget har brukt kr 627 695,- (pr 31.12.2022) på å utvikle så langt.
  - o Blåbærtoppen som bygdelaget har brukt over kr 130 000,- på å utvikle så langt.
  - o Turstiane i krinsen vår. Turgruppa i bygdelaget har merka, held vedlike og oppgraderer 37 km med turløyper med utgangspunkt frå Trekanten.
  - o Bygdelaget har tett samarbeid med FAU om dugnadar i nærområdet rundt Kløvheim skule og barnehagen.
  - o Bygdelaget har eit godt samarbeid med skulen på Strandryddings aksjonar.
  - o Kløvheim bygda er ei svært aktiv bygd med mange aktive lag og organisasjonar, som for eksempel Kløvheim Ungdomslag. I 2022 var ungdomshuset i bruk ca 230 dagar til diverse arrangement.
- Grundig gjennomgang av skulebygg og uteareal. Sjå på moglegheiter for mottakarskular med potensiale for utviding. Det finns gode bygg i kommunen som kan nyttast som midlertidig mottakarskule. Dette kan gje kommunen rask økonomisk sparing.
- Sjå på samarbeid mellom barnehage og skule. Kva verdi har det med eit godt samarbeid mellom barnehage og skule. Dette er ein ting som blir trekt fram som ein stor trygghet for barna som går frå barnehagen og opp på skulen på Kløvheim. Dei kjenner allereie området, ein del av elevane og ein del av dei ansatte ved skulen.
- Kvifor har Kløvheim så lave kostnadar på vedlikehald og vaktmeister tenester? Kan dette være teikn på elevar med gode haldningar? Det at bygda, foreldre, besteforeldre og elevane sjølv tek del i arbeidet med å ha det ryddig og fint i nærområdet rundt skulen. Kanskje dette er med på å knytte eit band, eit eigarforhold til sin eigen skule.
- Me syns poenget med å behalde skule og barnehage i bygde er godt beskrevet i «Formål og målsetjingar med planlegginga»: «Ein barnehage og skule er viktig for nærmiljø, og fungerer som ein møteplass for uformell leik og aktivitet på fritida. Nokre anlegg er i tillegg ein møteplass for kulturaktivitet og større samlinga i regi av friviljuge, lag og organisasjonar.»
- Kommunen bør ikkje leggje ned skular utan ein god og gjennomtenkt plan for elevane.

Kløvheim Bygdelag ynskjer utvalet lukke til med planarbeidet og oppfordrar utvalet å ta kontakt for dialog. Me møter dykk gjerne for eit godt samarbeid.